



Forskrift om interkommunal skulekrins for Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins, Odda og Etne kommunar, Hordaland

Dato FOR-2017-05-23-2557

Ikrafttredelse 01.08.2017

Gjelder for Ullensvang og Etne kommunar, Vestland

Hjemmel [LOV-1998-07-17-61-§8-1](#), [LOV-2023-06-09-30-§2-6](#), [LOV-2023-06-09-30-§30-2](#)

Kunngjort 10.12.2024 kl. 15.05

Heimel: Fastsett av Odda kommunestyre 24. april 2017 og Etne kommunestyre 23. mai 2017 med heimel i [lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) § 8-1](#).

Tilføyd heimel: [Lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) § 2-6 og § 30-2](#).

§ 1. Føremål og verkeområde

Odda kommune og Etne kommune etablerer felles interkommunal ungdomsskulekrins for Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins; for ettertida nemnt som Odda-Fjæra ungdomsskulekrins.

§ 2. Plikter og rettar

Elevar på 8.–10. årsteg frå Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins høyrer frå 1. august 2017 til den nye skulekrinsen og får tilbod om skulegang ved Odda ungdomsskule i Odda kommune.

Odda ungdomsskule vert med dette nærskule for desse elevane, jf [oppl. § 8-1 første ledd første og andre punktum](#). Elevar frå Odda ungdomsskulekrins og Fjæra skulekrins får frå same dato oppfylt retten sin til grunnskuleopplæring etter [oppl. § 2-1](#) ved Odda ungdomsskule. Søknad om skuleplass ved annan skule i kommunen skal handsamast av den einskilte kommune i tråd med kommunale retningslinjer for dette.

Elevar frå Fjæra som pr. 1. august 2017 går på Enge skule, vil ha Enge skule som nærskule resten av skuletida.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. august 2017.

Frå same dato vert tidlegare kommunestyrevedtak om skulekrinsar for både Odda ungdomsskule og Fjæra oppheva.

§ 4. Samarbeidsavtale

Det må gjerast ein samarbeidsavtale mellom Odda og Etne kommunar. Den skal innehalda fråsegn om:

- Økonomiske forhold inkludert avgjerder om kor lenge avtalen skal vara og konsekvensar ved opphøyr.
- Avtalen må regulera praktiske løysingar knytt til – skuleskyss – SFO – kulturskule – leksehjelp – sakshandsaming – spesialundervisning – økonomisk kompensasjon til Odda kommune for å gje elevane frå Etne kommune eit fagleg godt og forsvarleg tilbod i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter og avgjerder.

Plikta den einskilde kommune har etter opplæringslova å tilby grunnskuleopplæring til innbyggjarane sine, vil også etter at denne forskrifta er vedteken kvila på kommunen eleven er folkeregisterregistrert.